



MØTEBOK

Møte: 2-2024
Møtedato: Onsdag 20.3.2024
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 16.30

Desse møte:

Torleif Fylkesnes, Sverre Leon Larsen, Rune Sivertsen, Hildegunn Lodden Stautland, Rolf Magne Skippervik, Solveig Eikeland, Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm (vara Bremnes), Asbjørn Gundersen og Trygve Leigland

Desse møtte ikkje:

Asbjørn Esperø og Odd Ingvar Larsen

2024-02-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

2024-02-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 1 – 2024

Møtebok 1 – 2024 vart godkjent utan merknadar.

2024-02-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Samarbeidsforum mellom sokneråd og stab
Det vart informert kort om samarbeidsforumet som vart helde på Rådhuset 14. februar. Det vart fortalt litt om kva som hadde vore sakar/tema på møtet og litt om kva ein tenkte med rådet vidare, og at det vart jobba med ei storsamling for alle sokneråd og tilsette.
2. Orientering frå møte med eldrerådet
Kyrkjeverja var innom eldrerådet 7. mars der grunnlag, endring og alternativ vart gjennomgått.
3. Orientering frå møte med formannskapet
Formann i fellesrådet og kyrkjeverja var også i møte med formannskapet 14. mars der ein hadde fått 20 min til rådgjeitt for å presentere drift, investeringar, økonomi og framtidige utfordringar for formannskapet. Eit bra og viktig møte.
4. Informasjon om Støttelag i Bremnes sokn
Formann i fellesrådet informere kort om samlinga som hadde vore i Bremnes kyrkje 14. mars for oppretting av støttelag for kyrkja. Det er mykje positivitet ute blant folk, og mange er klare for å vera med å bidra.
5. Informasjon om medarbeidarundersøkinga og prosessen vidare
Kyrkjeverja informere om at det vert jobba konkret med arbeidsmiljø i staben med bakgrunn i resultat etter medarbeidarundersøking som vart gjennomført i heile den norske kyrkja i haust. Ein har hatt to møter der ein har sett på resultatet. Representant frå Ysst var med på siste møtet der ein jobba med å tolke resultata i fellesskap. Det vil etter påske bli jobba meir med tiltak og handlingsplan for å bevare dei områda ein er gode på, og forbetre dei områda ein har hatt mindre bra resultat.

6. Tausheits erklæring
Rådet gikk igjennom forvaltningslova §13 og signerte tausheits erklæring. Det var poengtert at ein burde bli flinkare slike formalitetar som politiattest og haldningsarbeid.

2024-02-04 ÅRSREKNESKAPEN 2023

Fellesrådet fekk orientering om hovudtala i rekneskapen for 2023. Det vart gjort oppmerksom på at nokre vedtak frå møte 1 – 2024 på sett og vis var «feil». Dette handla om den korrekte rekkefølga på vedtak. Ein skal eksempelvis etter forskrifta ikkje gjere vedtak om bruk av disposisjonsfond før rekneskapen er slutført og vedteke.

Det vart vidare poengtert det høge meirforbruket på lønnskostnadar, og ein gikk fort over på tiltaks- og budsjettspørsmål som også vart tema for samtalen seinare i møtet. Det vart også poengtert ei feilplassering i forhold til utgifter på prosjekt; parkeringsplass ved Bømlo kyrkje som skulle vore plassert på oppussing av Bømlo kyrkje.

Bømlo kyrkjelege fellesråd gjorde følgjande vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2023 med atterhald om at revisjonen ikkje har merknadar.

2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek rekneskapsmessig meirforbruk på 1 494 261

3. Bømlo kyrkjeleg fellesråd vedtak å nytta 349 756 av disposisjonsfond for å redusere rekneskapsmessig meirforbruk.

4. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å nytta 3 078 294 av ubundne investeringsfond for udekka i investeringsrekneskapen.

5. Bømlo kyrkjeleg fellesråd vedtek å dekkja inn 850 000 av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk i 2024 jf. budsjett for 2024.

6. Bømlo kyrkjeleg fellesråd vedtek å dekkja inn ytterlegare 294 505 av meirforbruket i 2025.

ØKONOMISKE TILTAK I 2024

Etter handsamling av rekneskapen 2023 vart det samtala om kva tiltak som ein må setje fokuset på for inneverande år for å dekkje inn meirforbruket i 2023.

Punkt som vart nemnd:

- Støttelag (som ein allereie er i gong med for Bremnes kyrkje)
- Grasrot-andel til støttelaga
- Administrasjonen og pedagogane jobbar med å kople trusopplæringstiltak mot søndagsskulegrupper for å få del i frifondsmidlar.
- Ein må redusere ekstrahjelp på kyrkjegardane og definere prioriteringsområder.
- Kan ein bruke BASEN meir?
- Kan ein kutte ut rekneskapsføringa for sokneråda gjennom Azets og høyre om dette er nokon som ein kan få inn under kommunen.
- Bør på sikt tenke at ein sjølv skal ta jobben med opning av graver.
- Festeavgifter vert justert.
- Meir promotering av stellavtalar og tenester som gir ekstrainntekter.

Oppsummert ynskjer fellesrådet at kyrkjeverje til 5. juni-møtet skal ha forslag til revidert budsjett med eit positivt driftsbalanse på 1 million.

STRATEGI I MØTE MED LOKALPOLITIKARANE

Det vart frå kyrkjeverje informert om podcasten «Input» frå KA, og oppfordra til at ein på eit seinare møte jobbar med konkret strategi for fellesrådet i forhold til møte med lokalpolitikarane.

Torleif Fylkesnes
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje